


For flere opplysninger: Kontakt Nordahl Bruunsgt 22, Oslo 1, rom 36

ERITREA

krig for sjølvstende for å frigjera landet og folket



**Stø den heltemodige kampen
folket i Eritrea fører mot
etiopisk kolonialisme
og amerikansk imperialisme**

KORT HISTORISK BAKGRUNNSSKISSE OM ERITREA

For meir enn to tusen år sidan var Eritrea eit fritt sjølvstyrt land under namnet «Medre Bahri» (Landet ved sjøen). Det hadde eigen konge og han vart kalla «Bahri Negasi» (Kongen ved sjøen). Gjennom hundreåra vart landet og kalla «Medre Cheez» (Landet til dei frie).

Efter eit portugisisk kart frå 1600 var dei geografiske grensene for Medri Bahri (Landet ved sjøen) mest dei same som grensene for Eritrea i dag.

I 1557 okkuperte Ottomanar-herreveldet havna Massawa og gav ho vidare til Khediven i Egypt i 1865. I 1869 kom «Landet til dei frie» Medre Cheez under styret frå italienske koloniherrar. Dei gav «Landet til dei frie» det nye namnet Eritrea, som har opphav i det gamle greske namnet på Raudehavet, Sinus Aethiops. I 1941 vart Eritrea okkupert av det britiske koloniveldet og dei styrte landet i 11 år. I 1952 vart Eritrea innlemma i Etiopia ved eit FN-vedtak (No. 390/A/V). Dette var fyrste steget Etiopia tok for å gjera koloni av Eritrea. Innlemminga var ikkje meint å tene velferda til folket i Etiopia eller Eritrea, og det var ikkje noko steg mot fullt sjølvstende i Eritrea heller. Det var ei samansverjing mellom Haile Selassie og USA-imperialismen for å få kontroll over militær og økonomisk ekspansjon i Eritrea og grannelanda hennar. I dag ser vi resultatet av imperialistisk verksemd i Eritrea. I 1962 gjorde Etiopia slutt på føderasjonen mellom Eritrea og Etiopia, oppløyste nasjonalforsamlinga i Eritrea saman med dei politiske partia og sette det etiopiske flagget i staden for det eritreiske flagget. Dette var i samsvar med ein hemmeleg imperialistisk avtale og plan mellom Etiopia og USA. Men den nasjonale frigjeringsstriden i Etiopia har rot i ein lang tradisjon av motstand mot framand inntrenging. I hundreåra som er gått har folket i Eritrea reist seg samla og faste mot åtakfreistnader mot grensene til Eritrea som axumitt-kongeriket (Etiopia) har gjort. Folket i Eritrea har stridd mot okkupasjon frå Omayadane, Ottomanerne, italiendarane og Storbritannia. I dag strir dei mot okkupasjonen frå den etiopiske kolonimakta og USAs og Israels imperialisme

Til alle progressive organisasjonar og einskildpersonar!

Frigjeringskrigen i Eritrea rasar villt. Militærregjeringa i Etiopia går fram med fascistisk råskap mot folket i Eritrea i strevet for å knusa striden for nasjonal frigjerung. Fly som USA har skaffa gjennomfører massive bombe- og landstøtte i Eritrea. Mange landsbyar er alt blitt jamna med jorda. Meldingar fortel at tusenvis er drept og ti tusenvis har mist heimen sin.

Hovudstaden i Eritrea, Asmara, er i røynda gjort om til eit militærlager med tanks og pansarbil. Dei skyt på alt som rører seg, særskilt «alle eritrearar i stridsalder». Utendingar som kjem frå Asmara skildrar stoda i Eritrea og valdsferda til troppene frå Etiopia med slike ord: «...det er eit blodbad. Om du har sett Viet Nam veit du kva vi snakkar om.»

Frigjeringskjemparane i Eritrea gjer heltemodig motstand mot den etiopiske okkupasjonsheieren med full støtte frå folket i Eritrea. Frigjeringskjemparane har gjort dristige åtak på basane til dei etiopiske troppene, sprengt viktige bruar og skote ned jet-bombefly.

Folket i Eritrea har stridd for nasjonalt sjølvstende i femtan år. Kolonistlandet Etiopia fører ein brutal krig for å knusa striden til folket i Eritrea med full støtte frå USA-imperialismen og den israelske zionismen. Fascistjuntaen i Etiopia som pyntar seg med merkelappen «sosialistisk» har gått ut over alle grenser når det gjeld villskap og barbari i Eritrea.

Folket i Eritrea er fast bestemte på å halda fram med den væpna striden til dei har frigjort seg fullt ut, trass i umåteleg lidning og offer. Sjølv om folket i Eritrea fyrst og fremst lit på eigen styrke i denne striden treng dei den internasjonale solidariteten til alle progressive folk.

Eritrearar for frigjerung i Europa (Avdeling Noreg) oppmodar alle progressive organisasjonar og menneske til å fylgja nøye med i kva som skjer i Eritrea og i heile området. Vi oppmodar dei til å fordøma dei fascistiske brotsverka til den etiopiske juntaen i Eritrea, og krevja at USA sluttar å skaffa våpen til juntaen. Vi oppmodar dei til å ta eit klart og ope standpunkt for striden til folket i Eritrea og gje dei full støtte i form av propaganda og materiell støtte.

Ned med USA-imperialismen og den etiopiske fascismen!

Lenge leve den anti-imperialistiske solidariteten mellom dei revolusjonære kreftene i verda!

ERITREARAR FOR FRIGJERING — AVDELING NOREG